



ALVER
KOMMUNE

Grasdalskule 7.september 2022

Til elevar og føresette

Vel møtt til eit nytt og spennande skuleår 2022-2023!

Det er 140 elevar og 30 tilsette ved Grasdalskule dette skuleåret. Vi har tatt imot og ønske velkommen ein flott 1.klasse med 14 elevar. Det er ein gjeng med hyggelege og blide barn. Det er viktig at vi tek godt i mot dei som er nye, slik at alle kan kjenner seg velkommen i skulemiljøet.

Organisering:

Organisering av klassar og lærarar:

1.kl. Kontaktlærer: Sissel Johanne Vangen

Faglærer: Eivind Namdal Steinhoff og Heidi Ektvedt

2.kl. Kontaktlærer: Maria Christine Sæle

Faglærer: Heidi Ektvedt

3A/3B Kontaktlærer: Merete Lillefosse

Faglærer: Eivind Namdal Steinhoff, vernepleiar: Linn Minde, Assistent: Kjersti H. Aase, Mariana Ruja, Gunn Torill Berge

4A/4B Kontaktlærer: Line Ones

Faglærer: Elin Brugrand, assistent: Gunn Torill Berge

5A/5B Kontaktlærer: Marthe Aadland og Suganya Chandrakumar Onarheim

Faglærer: Hilde Aasehaug Søråas, Siri Andvik, assistent: Siren Tellevik og Henriette Valland

6A/6B Kontaktlærer: Anita Lillian Askeland

Faglærer: Lise Herland, Siri Andvik, Hanne E Nævdal, Assistent: Henriette Valland

7A/7B Kontaktlærer: Linda Granberg Nilsen

Faglærer: Linn Zachariassen, Siri Andvik, Hanne Elisabeth Nævdal Assistent: Nils Atle Berge

Sekretær: Hildegunn Vatshelle Hillestad

Spespedkontakt: Elin Brugrand

SFO-leiar: Kine Beate Brandsdal

Undervisningsinspektør: Hilde Aasehaug Søråas

Skulesekretær har kontortid måndag, onsdag og torsdag kl 8.00 – 15.00

SFO er i full gong, og det er til saman **45** barn som brukar dette tilbodet.

Dei har alle inngong ved gul garderobe. SFO-leiar har kontorplass og møterom i 2.etasje. Du finn kontaktinfo på heimesida. Ny rutine er sendt ut om melding til SFO i Visma Flyt Skole. Alle meldingar til SFO skal skrivast inn digitalt der på aktuell dag.

Skulehelsetenesta har kontor på skulen der helsesjukepleiar, **Maria Kristine Skjelanger**, held til på måndag og tysdag dette skuleåret. Du finn kontaktinfo på heimesida.

maria.kristine.skjelanger@alver.kommune.no og Jobbmob: 409 08 927

Skuletid

Det er endring frå i fjor: **kort dag tysdag og lang dag onsdag** for alle elevane.

1.-3.trinn: mand – tirsd – fred kl. 8.15 – 12.15 onsd og torsd kl 8.15 – 14.00

4.trinn: mand kl 8.15 – 12.15 onsd – torsd - fred kl 8.15 – 14.00 tysd kl. 8.15- 12.15

etter påske: mand 8.15 - 14.00

5.-7.trinn: mand – onsd – torsd - fred kl 8.15 – 14.00 tysd kl. 8.15- 12.15



Fysisk aktivitet på mellomsteget: 5.-7. har fysisk 2.kvar tirsdag til kl 13.45.
5.trinn i partalsveker og 6. og 7.trinn i oddetalsveker. (meir om [fysisk aktivitet](#))

Lekser: Tilsette og FAU har arbeida med retningslinjer for lekser og kva lekser vi skal ha ved skulen, og de får informasjon om dette på foreldremøtet. Sjå info på heimesida.

Leksehjelp:

Ny forskrift i Alver kommune har fastlagt tilbod slik: Mellomtrinn: 5 timar i veka, fordelt på 5.-7. trinn. Ungdomstrinn: 3 t. i veka fordelt på 8.-10.trinn. På Grasdal skule er det sendt ut påmelding, og det blir gitt tilbod tysdag kl 12.30 – 13.30 og onsdag og torsdag 14.00 – 14.30. Det er lærarar som har ansvar for [leksehjelp](#).

Utdeling av medisin: Skulen kan berre dele ut medisin til elevar dersom foreldre har fylt ut eit medisinskjema med prosedyre og godkjenning. Ta kontakt med kontaktlærar eller administrasjon.

Skyss : Det er gjort kommunalt vedtak i Alver om strekningar med farleg skuleveg. Les meir om skuleskyss på kommunen sine sider <https://www.alver.kommune.no/innhald/skule-og-utdanning/skuleskyss/> . Dei det gjeld må sende søknad og få enkeltvedtak frå rektor om rett til skyss grunna farleg skuleveg.

For elevar i 1. klasse med under 2 km og for elevar frå 2.-7. klasse med under 4 km skuleveg må det søkjast om fri skuleskyss om skyss skal innvilgast.

Lenke til søknadsskjema for gratis **skyss** etter kommunalt vedtak: <https://bit.ly/3kZkkjH>

Vi har på førehand søkt om skyss etter det grunnlaget vi hadde i fjor, så for dei fleste skal dette allereide vera på plass og elevane har fått busskort.

Ein har ikkje rett på skyss til og frå sfo-tid. Det går taxi av og til istadenfor buss.

Andre opplysningar ved skulestart:

- De kan bestille skulemelk på www.skolelyst.no
- og skulefruktordninga på www.skolefrukt.no
- **Det er viktig at elevane søv nok, og et frukost før dei går på skulen.**
- Møt på skulen i **rett tid** og gå heim rett etter skulen er slutt for dagen.
- **Skuleområdet er for SFO- barna fram til kl. 16.30.**
- **Vi ber om at foreldre ikkje oppheld seg unødig i garderobar og inngongar.** Foreldre og søsken må vente ute. Det blir uoversiktleg og fullt, særleg ved skulestart og skuleslutt. Lærarane treng merksemd på elevane, og kan ikkje i den situasjonen ta imot eller gi informasjon. Dette er viktig også av hensyn til personvern. Det same gjeld ved henting i sfo.

IKT OG PERSONVERN:

- Alver kommune kjøper tenester av IKT Nordhordland. Vi nyttar **feide-pålogging** for elevar og tilsette til eigne område på server, og nettsider med skulelisens.
- Rektor og tilsette har retningslinje for *God praksis for å ivareta personvern*. Det er svært viktig at elevane også lærer å **verne om passordet sitt**, som skal vere personleg.
- Alver kommune brukar **digital postkasse** for sending av brev, og digitalt arkivsystem, *websak*. Formelle vedtak og brev som gjeldt enkeltelevar vert sendt til foreldre via SvarUt til digipost.
- Skulen og sfo brukar i stor grad **epost for informasjon** til foreldre. Dette administrerer vi i programmet *Visma Flyt*. **Rektor kan i enkelte tilfelle sende sms**. Rektor og tilsette kan ikkje



skrive epost eller sms med personopplysningar og sensitiv informasjon til dykk foreldre.

- Denne hausten skal skulane i Alver ta i bruk fleire funksjonar i **Visma Flyt skole – med føresatt-app og heimeweb**, der foreldre loggar seg på med BankID. Der er det mogleg kommunikasjon mellom skule og heim om m.a. fråver og samtykke, søknader og opplysningar. Alle foreldre og føresette i Alver skal få felles informasjon om dette. Melding til SFO er tilgjengeleg i Visma Flyt skole, og foreldre skal melde endringar og sende beskjedar der for aktuell dag.
- **Conexus engage**: er eit program for å gjennomføre kartlegging og vurdering, og samle kartleggingsresultat historisk for elevar og trinn.
- Kommunen nyttar **samproIOP**, eit digitalt verktøy for samarbeid mellom foreldre og skule/PPT for barn som har Individuell OpplæringsPlan og spesialundervisning.
- **Frå skuleåret 2022-2023 skal vi ta i bruk Office 365 og teams** med elevane. Det overtar funksjonane vi hadde i Canvas, som var vår tidlegare digitale læringsplattform for øvingar, lekser og deling av dokument. Elevane brukar feidepålogging. Vi ventar med å ta det i bruk til skuleeigar er ferdig med risikovurdering for personvern og GDPR.
- Vi arbeider med **digital kompetanse med digitale arbeidsmåter og læreverk** og Tavlebøker til smarttavler. På alle trinn lærer vi litt om koding og programmering. Vi har gjort innkjøp av 20 nye elev-PCar og har 2 Ipad tilgjengeleg. I tillegg har enkeltelevar pc-ar som hjelpemiddel.
- **No har vi delt ut Chromebooks til kvar elev på 5., 6. og 7. trinn.**

Symjeopplæring

- **Skulen gir symjeopplæring til 3., 4. 5. og 7.klasse i bassenget** på Nordhordland folkehøgskule. Vi sender 3 grupper med rutebuss og ekstrabuss kvar torsdag. Dette er ei ny prioritering for å gi meir intensiv opplæring over tid, då kvart trinn får symjeopplæring kvar veke i ½ år. Vi oppmodar foreldre om å hjelpe barna på 1. og 2.trinn med den første tilvenninga i vatn, og legg innsats på symjeteknikkar i 3. og 4.trinn, og 5. og 7.trinn for å nå [kompetansemål innan symjing](#) etter 4.trinn og 7.trinn. 6.trinn har mykje praktisk-estetiske fag, og difor er det vanskeleg å kombinere med symjeopplæring. Vi har som mål å setje av timar til ekstragrupper med elevar som treng meir trening.

Skuleveg

- Frå mai 2022 vart det oppretta **Hjartesone** rundt skulen og på skulevegen i samarbeid mellom FAU og skulen, kommunen og fylkeskommunen. Det er droppsone på busstoppet for å sleppe av elevane. 5.-30. september har vi ny GÅ-aksjon på skulevegen, og lærarane har meldt klassane på konkurransen [beintøft](#) som er i regi av Miljøagentane.
- **Flest mulig elevar bør gå/sykle til skulen.**
- **Dersom elevane vert kjørt, må dei helst bli satt av oppe ved busshaldeplassen, og gå på fortauet ned.**
- **Det blir bussvakt kvar morgon kl. 08.00 frå busstoppet til skulen, og etter skuletid etter behov for 1. og 2.klasse.**
- Det er foreldre som har ansvar for å bringe og hente på SFO.
- Me vil minne om bruk av **sykkelhjelm** når fleire tar i bruk sykkel og sparkesykkel på skulevegen. Me viser til Trygg Trafikk si anbefaling for sykling på hovudveg, som er frå 10-12 år. FAU og skulen skal samarbeide om sykkelreglar. Vi har **sykkelparkering** på nedre parkeringsplass. Vi planlegg sykkelkurs og sykkel dagar for elevar på 4.-6.trinn.



- **Vi har kvart år refleksvestkonkurranse** i samarbeid med FAU frå november - mars.

Fråver


Vi vil ha **skriftleg melding** til skulen om eleven har fråvær. Det kan vera i epost eller sms til lærar. Sjukdom eller anna fråvær må vera gyldig dokumentert frå foreldre.

Dersom eleven treng fri, må de søke rektor om det på **elektronisk permisjonssøknadskjema**. Skjema finn de på heimesida. For lengre tidsrom enn 14 dagar må eleven skrivast ut frå skulen. Alt fråver blir ført digitalt i administrasjonssystemet *Visma Flyt*, på eleven sitt elevkort. Nye rutinar for dette kjem med føresetapp / heimeweb i november. Vi har rutine i Alver kommune for oppfølging av skulefråver i samarbeid med helsesjukepleiar.

Send sms til skulen og gi melding første dagen barnet er sjuk.

Tlf. 94532376 Nummeret finn du og på heimesida.

SKULEMILJØ



Alle elevar har rett til å ha eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring. Det er elevane si eiga oppleving av korleis dei har det på skulen, som er avgjerande.

Regelverket for skulemiljøet til elevane er skildra i [kapittel 9A i Opplæringslova](#).

Skulane si aktivitetsplikt inneber at alle tilsette på skulen har **plikt til å følgje med, gripe inn, undersøkje saka, varsle og gjere tiltak**. Rektor har ansvar for at skulen lagar aktivitetsplan. Alle i skulemiljøet er involvert, og de foreldre er medhjelparar. Målet er nulltoleranse for mobbing, auka motivasjon, trivsel og læringsutbytte for alle. Dette skuleåret forset vi med [Zippy 1-4](#) – psykisk helse i skulen, [Passport 5-7](#), arbeid med sosial kompetanse og felles sosiale arrangement for elevane. Alle skal kjenne at dei høyrer til i fellesskapet. I september skal vi revidere skulen sin *Plan for Trygt og godt skulemiljø*. Vi har utarbeida eit årshjul for aktivitetar og tiltak på kvart trinn.

Fylkeskommunen og Mobbeombodet vil bistå foreldre og elevar dersom ein opplever at skulen ikkje tar saka på alvor eller unnlet å fylgje aktivitetsplikta. Les meir: [Elevvelferd Alver kommune](#)

Alver kommune har **ferdigstilt forskrift med Ordensreglement for skule og sfo i Alver kommune**. Sjå vedlegg på heimesida. Lokalt ordensreglement for Grasdal skule vart ferdigstilt 11.11.2021 i tråd med det kommunale.

Vi fortset også med **Trivselsprogrammet** med mål om å auke fysisk aktivitet i friminutta og legge til rette for positiv leik, samhandling og venskap. Sjå meir informasjon i ranselpost, på heimesida, og www.trivselsleder.no Det er Eivind Namdal som er TL-ansvarlege dette skuleåret.



Vi samarbeider med skulehelsesjukepleiar, og andre personar frå PPT og rådgjevarstab i Alver kommune i skulemiljøsaker.

Overordna mål for skulane i kommunen:

Læreplan KL20 som gjeld frå 01.08.2020. [Overordna del og fagplaner](#)

Vi vil på Grasdal skule ha 3 satsingsområde: **MEDVERKNAD, MOTIVASJON OG LESING**.

Medverknad : Det inneber forventning til deltakande elevar på alle trinn. Vi arrangerer elevkonferanse i oktober.

Vi vil sikre at alle lærarane har dialog med elevane om medverknad, læringsmål, arbeidsmåtar, arbeidsro. Aktiv / ute / skape / digital - skule, Integreert arbeid med Læreplan KL20.



Motivasjon: variasjon i læringsaktivitet, «glede seg saman», aldersblanda dagar med ulike tema, fortsetje som [Skaperskole](#).

Lesing: Språkløyper på udir.no : *Veiledet skriving*. Plan for intensiv opplæring 1-4. Fleksibel bruk av lærartimar. Målretta innsats. Følge kartleggingsplan for alle trinn. Auke leselyst og lesekondis (uthald).

Læringsmiljø : Tema i haust blir **God språkbruk mellom elevar og mellom elevar og vaksne**. Felles tema i klassane gjennom året på sosial kompetanse og livsutviklingsområde. Vi vil vidareføre god dialog og anerkjennande kommunikasjon. Implementere kompetanseheving i *verktøyet COS; Circle of security – trygghetssirkelen*.

Ressursteam med PPT

I teamet er spesialpedagogisk kontakt, Elin Brugrand, Cecilie Nordås Gravdal, Grasdal skule sin kontaktperson i PPT, og rektor. Undervisningsinspektør og lærarar deltek etter behov. Cecilie har dei fleste sakene for sakkunnig vurdering om spesialundervisning, og rettleiar i systemsaker i utviklingsarbeid for å styrke det ordinære opplæringstilbodet. Ho deltek i ressursteam ved skulen ca 1x per mnd og i samarbeidsmøter med foreldre i individualsaker for oppfølging av elevar. Dersom foreldre eller lærar har ei bekymring for læringsutvikling til eit barn, kan saka takast opp i ressursteamet. Det er eit eige samtykkeskjema for foreldre.

Arbeidsutvalet (FAU) til foreldrerådet ved skulen har ein repr. frå kvar klasse.

FAU-leiar: Alexander Helle. Vi sender ut referat frå møtene på epost i visma flyt skole.

Samarbeidsutvalet (SU) har 2 repr. frå føresette, 1 repr. frå kommunen. 2 repr. frå lærarar, 1 frå andre tilsette, 2 repr. frå elevar, og rektor.

Skulemiljøutvalet (SMU) har møter i forbindelse med SU, og har fleirtal med repr. frå foreldre og elevar.

De får eiga innkalling til 2 **klasseforeldremøte** i august/september og mars og innkalling til 2 utviklingssamtaler for kvar elev i november/april.

Alle klassane har **klasse møter** med jamne mellomrom. **Elevråd** vald frå kvart klassesteg 4. -7., har møte ca. kvar tredje veke. Heidi Ektvedt er elevrådslærar.

På **heimesida** vil de finne informasjon frå skulen, og lenker til viktige internettsider. Der kan de abonnere på nyheiter. Adressa er: www.minskole.no/grasdal

Eg vil ønske føresette og elevar ved skulen lukke til med skulearbeidet, og eg ser fram til eit godt samarbeid med klassekontaktar og alle andre som har ansvar på skulen. Det er avgjerande at me samarbeider godt for å oppnå eit best mulig læringsmiljø.

Ta gjerne kontakt:

Rektor, inspektør, sekretær :

56 17 57 00

Rektor privat 93 49 98 92

SFO: 99 29 74 42

E-post: postgrasdal@alver.kommune.no
irene.hystad.hugaas@alver.kommune.no

Med helsing rektor, Irene Hystad Hugaas